

HJELMELAND KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG		
Saksnr.	Utval	Møtedato
101/11	Formannskapet	31.05.2011
042/11	Kommunestyret	16.06.2011

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
232	Oddvar Skiftun	09/1407 11/7506

UTTALE TIL MAKSIMUMS- OG MINIMUMSREGLANE VED UTREKNING AV EIGEDOMSSKATTEGRUNNLAGET FOR KRAFTVERK

Forslag til vedtak:

På prinsipielt grunnlag bør reglane om maksimums- og minimumsprisar i eigedomsskatte-
lova § 8 – 4. del fjernast. Samstundes bør diskonteringsrenta tilpassast marknaden for
kraftsektoren. Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

1. Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast
av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har
uheldige biverknader.
2. Eigedomsskattelova sine maksimums- og minimumsprisar skal ikkje nyttast som del
av inntektsutjamninga mellom staten og kommunane.
3. Eigedomsskatterordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan
føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
4. Diskonteringsrenta bør setjast i samsvar med eigedomsskattelova sitt
takseringsprinsipp og tilpassast marknaden og den løpande risikovurdering for
kraftverksektoren og ikkje fastsetjast med utgangspunkt i behov for inntektsmessig
omfordeling.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av diskonteringsrenta skjer i kombinasjon med
fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei eigedomstaksering som samsvarar
med intensjonen i eigedomsskattelova.

Er det behov for inntektsmessig omfordeling mellom stat, kommune og kommunane imellom,
må denne skje innafor gjeldande inntektsoverføringssystem.

Hjelmeland, 09.05.2011

Børje Alander
rådmann

31.05.2011 FORMANNSKAPET

Behandling

Rådmannen sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

FSK-101/11 Framlegg:

På prinsipielt grunnlag bør reglane om maksimums- og minimumsprisar i eigedomsskatte-
lova § 8 – 4. del fjernast. Samstundes bør diskonteringsrenta tilpassast marknaden for
kraftsektoren. Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

1. Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast
av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har
uheldige biverknader.
2. Eigedomsskattelova sine maksimums- og minimumsprisar skal ikkje nyttast som del
av inntektsutjamninga mellom staten og kommunane.
3. Eigedomsskatterordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan
føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
4. Diskonteringsrenta bør setjast i samsvar med eigedomsskattelova sitt
takseringsprinsipp og tilpassast marknaden og den løpande risikovurdering for
kraftverksektoren og ikkje fastsetjast med utgangspunkt i behov for inntektsmessig
omfordeling.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av diskonteringsrenta skjer i kombinasjon med
fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei eigedomstaksering som samsvarar
med intensjonen i eigedomsskattelova.

Er det behov for inntektsmessig omfordeling mellom stat, kommune og kommunane imellom,
må denne skje innafor gjeldande inntektsoverføringssystem.

16.06.2011 KOMMUNESTYRET

Røysting:

Samrøystes i samsvar med framlegg frå formannskapet.

KST-042/11 Vedtak:

På prinsipielt grunnlag bør reglane om maksimums- og minimumsprisar i eigedomsskatte-
lova § 8 – 4. del fjernast. Samstundes bør diskonteringsrenta tilpassast marknaden for
kraftsektoren. Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

1. Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast
av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har
uheldige biverknader.
2. Eigedomsskattelova sine maksimums- og minimumsprisar skal ikkje nyttast som del
av inntektsutjamninga mellom staten og kommunane.
3. Eigedomsskatterordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan
føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
4. Diskonteringsrenta bør setjast i samsvar med eigedomsskattelova sitt
takseringsprinsipp og tilpassast marknaden og den løpande risikovurdering for
kraftverksektoren og ikkje fastsetjast med utgangspunkt i behov for inntektsmessig
omfordeling.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av diskonteringsrenta skjer i kombinasjon med
fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei eigedomstaksering som samsvarar
med intensjonen i eigedomsskattelova.

Er det behov for inntektsmessig omfordeling mellom stat, kommune og kommunane imellom,
må denne skje innafor gjeldande inntektsoverføringssystem.

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	25.05.2009	Skattetaten	OVERSENDELSESBREV RF-1153
2	I	12.11.2009	Lund & Co v/Vigdis Ekeland	MEDLEMSNYTT - 02/09 EIENDOMSSKATT PÅ VANNKRAFTVERK - BREV FRA FINANSKOMITEEN
3	U	11.12.2009	Adv.firma Lund & Co DA	UNDERSKRIVEN FULLMAKT - EIENDOMSSKATT PÅ KRAFTANLEGG - GENERELT
4	I	25.01.2010	Adv.Firma Lund & Co DA	GJENNOMGANG AV EIENDOMSSKATTEGRUNNLAG
5	I	10.05.2010	Adv.Firma Lund & Co DA	OPPFØLGING EIENDOMSSKATT PÅ KRAFTPRODUKSJONSANLEGG
6	I	13.03.2011	Pernille Parmer	EIENDOMSSKATTINNTEKTER FRA VANNKRAFTANLEGG
7	I	15.04.2011	Finansdep.	HØRING OM EIENDOMSSKATTEN FOR KRAFTVERK
9	I	10.05.2011	LVK - Landssamanslutninga av vasskraftkommunar	20/11 - REGJERINGEN VARSLER REDUSERTE EIENDOMSSKATTEINNTEKTER TIL KOMMUNEN
10	I	03.06.2011	Lyse Energi AS	EIENDOMSSKATT FOR KRAFTVERK

Vedlegg:

Finansdepartementet: "Høringsnotat om maksimums- og minimumsreglene i eiendomsskatten for kraftverk"

Landsstyret i LVK sitt vedtak av 28.04.2011: "Regjeringen varsler reduserte eiendomsskatteinntekter til kommunene".

Dok.dato	Tittel	Dok. ID
06.05.2011	HØRING OM EIENDOMSSKATTEN FOR KRAFTVERK	101018
11.05.2011	20/11 - REGJERINGEN VARSLER REDUSERTE EIENDOMSSKATTEINNTEKTER TIL KOMMUNEN	101338

Samandrag:

Utrekning av takstgrunnlaget for eigedomsskatt på kraftverk vart med verknad frå 2001 endra til ein meir marknads- og avkastningstilpassa modell – ein nåverdimodell som tilbakediskonterer framtidige inntekter og utgifter (nettoinntekta) til ein formuesverdi. **Vesentlege faktorar i denne nåverdiformelen er kraftpris og diskonteringsrenta.** Kort fortalt betyr høgare kraftpris og lågare diskonteringsrenta at eigedomsskatte-grunnlaget og eigedomsskatten aukar.

Endringa som vart gjort i 2001 ville for mange kommunar (i hovudsak som følgje av låge kraftprisar) ført til reduserte skatteinntekter. For å redusera risikoen for vesentleg skattetao, vart det så mellombels innført ein minimumspris som i dag er 0,95 kr. pr. kWh. Som ein "motpost" fekk kraftprodusentane samstundes gjennomslag for ein maksimumspris som i dag er 2,35 kr. pr. kWh.

Diskonteringsrenta/kapitaliseringsrenta er bygd opp med ein variabel del "risikofri realrente" og eit fast risikopåslag (sist fastsett til 3%) I perioden 2004-2010 har snittrenta vore 5,1%. Den variable risikofrie renta byggjer på snittrenta over 12 mnd statskassevekslar over 3 år, korrigert for inflasjon.

Ein formidabel kraftprisaueke dei siste åra har gjort at nærare 90 % av kraftverka vil liggja over maksimalprisgrensa på 2,35 kr. pr. kWh i 2011. Utan endringar for risikopåslaget i diskonteringsrenta, vil denne sannsynlegvis ikkje stiga nemnande dei næraste åra. Samla betyr denne situasjonen at dei aller fleste kommunane i fleire år har tapt- og sannsynlegvis vil tapa vesentlege skatteinntekter kommande år.

Med denne totalt endra situasjonen frå 2001, er det frå kommunar og LVK sett fram krav om å fjerna desse maksimums- og minimumsprisane som opprinneleg berre skulle gjelda i overgangsfasen

mellom gamle og nye takseringsreglar. Dette kravet er vel forankra i skatteloven § 18-5 som klart føreskriv at taksten skal tilsvara reell marknadsverdi. Med ei inntektsmessig avgrensing på 2,35 kr.pr. kWh, vil reell marknadsverdi ikkje kunna avspeglast slik loven føreskriv. Slik situasjonen og reglane nå er, betyr dette at vesentlege beløp av den kommunale eigedomsskatten går til kraftprodusenten/kraftverkseigarane og Staten – utrekna til 840 mill. kr. av LVK. For Hjelmeland sin del, betyr dette eit årleg (2010) skattetap på 15,6 mill kr.

I skatte- og avgiftsdelen for statsbudsjettet for 2011 vart spørsmålet om maksimums- og minimumspris løfta opp som eit tema for nærare vurdering og endeleg handsaming i statsbudsjettet for 2012. Det er på denne bakgrunn av Finansdepartementet nå har sendt saka ut på høyring til vertskommunar, eigarkommunar og kraftprodusentane med høyringsfrist 15.juli. Høyringsutkastet er lagt ved saka.

Finansdepartementet sitt forslag til endringar er i hovudsak to-delt:

1. Maksimums- og minimumsprisane vert ikkje oppheva på grunn av den inntektsmessige uheldige omfordeling dette vil bety mellom stat, kraftverkseigar, produsent og vertskommune. Det er frå Finansdepartementet overfokuset på at eit fåtal av kommunane (10) vil får auka sine skatteinntekter vesentleg i høve til fleirtalet. Det er også lagt stor vekt på at framtidige investeringar i kraftsektoren vil verta mindre attraktive dersom maksimumspris vert oppheva (mindre lønsamt for kraftselskapa) Som eit slags alternativ til å fjerna maksimums- og minimumsprisane, føreslås det å indeksjustera maks- og minimumsprisane.
2. Diskonteringsrenta/Kapitaliseringsrenta/Avkastningskravet føreslås auka vesentleg (risikotillegget) frå 3% til nærare 6% for å avspegla ein meir reell risiko ved kraftinvesteringar.

Kva økonomisk skattekonsekvens departementet sitt forslag vil få, er heilt avhengig av kva prisjustering som vert føreteken (frå dags dato eller frå 2001) og kva ny diskonteringsrente som vert fastsett. Frå departementet si side er dette i høgaste grad uklart, men skal prisane justerast frå dags dato i kombinasjon med eit risikotillegg på nærare 3%, kan det ikkje vera tvil om at skattegrunnlaget heller vert redusert enn auka slik departementet reklamerer for.

Når det gjeld kvaliteten på høyringsnotatet, finn rådmannen det høveleg å sitera LVK sitt landsstyrevedtak den 28. april; ref vedlegg: "Landsstyret beklager det innhold departementets høyringsnotat har fått, men har tillit til at regjeringspartiene sørger for en meir saklig, nøktern og prinsipiell tilnærming til regelverket for eiendomsskatt på kraftanlegg i den vidare prosessen"

Rådmannen har i si tilråding til uttale fokusert på eigedomsskatten sin intensjon som ein lokalstyrt skatt som etter beste skjøn skal leggja opp til ei likeverdig handsaminga av skatteobjekta og taksering i samsvar med nedfelt prinsipp. Dersom overordna mynde har ei oppfatning av at opprinneleg intensjon og lov i visse situasjonar fører til ei inntektsmessig og temporær skeivfordeling, **er det ikkje naturleg at same lov vert nytta som omfordelingsinstrument**. Er det behov for omfordeling, er det meir naturleg at denne td tas i samband med dei årlege overføringane frå staten til kommunane.

Når det så gjeld diskonteringsrenta, bør heller ikkje denne nyttast som eit utjamningsinstrument (vart i 2004 sett ned for å sikra ei betre fordeling), men setjast for å avspegla ein best muleg reell marknadsrisiko i kombinasjon med kommunane sitt behov for stabile økonomiske rammevilkår.

Fjerning av maksimums- og minimumsprisane i kombinasjon med meir reell diskonteringsrente vil sannsynlegvis bety eit noko høgare skattegrunnlag, men dette er avhengig av renteauken. Uansett vil den reelle skatteauken verta langt lågare enn dei maksimaltala Finansdepartementet nyttar i sitt høyringsutkast.

Vurdering og konklusjon:

Gjeldande ordning med innlagde maksimums- og minimumsprisar var i si tid naudsynt for å gjera ein relativt konsekvensfull overgang frå gamalt til nytt takstregime "spiseleg" for kommunane på eine sida og produsentane/eigarane og staten på andre sida. Sjølv med innført minimumspris var det mange kommunar som tapte vesentlege skatteinntekter då nytt meir avkastningsbasert takseringsregime vart innført i 2001. Dette tapet kunne til ei viss grad akseptast utifrå dei kraftprisar som ein såg føre seg i framtida og det faktum at ordninga var å sjå på som ei overgangsordning. Det var likevel få som på det tidspunktet kunne spå om kraftprisar tilsvarande dei me har sett dei siste åra.

Etter kvart som kraftprisen nådde "uante" nivå og både eigarar, produsentar og staten håva inn kommunal eigedomsskatt i form av eigarutbytte, grunnrenteskatt og overskott, har ressurskommunane ikkje fått sin rettsmessige del i den verdiutviklinga som har vore. Hadde eit tilsvarande verditak vorte innført for ordinær eigedomsskatt (hytter, hus, næringseigedom, store ilandsføringsprosjekt for gass, olje mv), **ville eigedomsskatteordninga som lokalstyrt inntekt fort vorte karakterisert som uthola i høve til intensjon, lokalt sjølvstyre og som eit viktig incitament for utbygging og utnytting av lokale ressursar.**

Frå kraftverkseigarane og Finansdepartementet er det argumentert for denne skatterabatten som eit viktig incitament for meir utbygging. Rådmannen nektar å tru at dette kan vera eit godt fundert og alvorleg meint argument med den verdi vasskrafta i dag har fått. Motsett, er det nærliggjande å tru at vertskommunane vil vera meir motvillige enn før dersom maksimumsprisen vert oppretthalden og kommunane ikkje får sin rettmessige andel av verdiauken.

Eit gjennomgåande **prinsipp i eigedomsskattelova** er også at skatteobjekta skal ha ei mest muleg lik og rettferdig skattebelastning i høve til takstverdi. Når ein i dag opplever at innført maksimums- og minimumspris fører til store skatterabattar innafor den etablerte kraftsektoren og mellom kraftsektoren og andre næringsføretak, er dette svært uheldig- ikkje minst i høve til dei mindre kraftverka som kanskje aller mest kunne hatt behov for eit incentiv (eksempelvis marginale vass-utbyggingsprosjekt, vindkraft m.v.).

Frå kompetent hald (LVK), er det også reist spørsmål om denne særeigne skatterabatten kan representera "ulovlig statsstøtte etter EØS-avtalen artikkel 61.

Rådmannen finn det rett å minna om utgangspunktet for endra takseringsreglar; ma kjem dette klart fram i St.prp. nr. 1 /2003-2004 kor det kan siterast om samanhangen mellom eigedomsskatten og lønsemda i kraftverka:

"Dette er viktig i forhold til skatteevneprinsippet og motivene til å investere i kraftproduksjon. En lønsomhetsuavhengig skatt vil redusere incentivene til ny- og reinvesteringer i kraftproduksjon. Skatteregler basert på faktisk økonomisk lønnsomhet var et grunnleggende mål både med skattereformen i 1992 og kraftskattereformen i 1997" (sistnemnt som grunnlag for endra takseringsreglar.)

Vidare kan det siterast frå same prp. Nr. 1: "For å oppnå større grad av symmetri foreslår Regjeringen å innføre en maksimumsverdi på 2,5 kroner pr. KWh; jfr. Avsnitt 3.5.9. Dette vil føre til at kraftforetakene i perioder med høy lønnsomhet i større grad "får igjen" det de taper i perioder med lav lønnsomhet" – og "Etter Regjeringens syn er det likevel viktig at kraftverkene i hovedsak blir beskattet etter de ordinære verdsettelsesreglene for kraftproduksjonsanlegg, og dette vil være tilfelle med Regjeringens forslag"

Med referert bakgrunn som klart legg til grunn reell marknadsv verdi som grunnlag for takst og samstundes klart indikerer at maksprisordninga er ei overgangsordning, har rådmannen vanskeleg for å forstå Finansdepartementet si innstilling om å halda på ei maksprisordning som går på tvers av det prinsipielle takseringsprinsippet. **Ordninga betyr i tillegg at det vert innført ei ny permanent inntektsutjamning for eigedomsskatt, parallelt med gjeldande inntektsutjamning innafor eksisterande inntektsoverføringssystem mellom stat og kommune.**

Som kjent, vert eigedomsskatten halden utanom inntektsutjamninga i det statlege overføringssystemet (rammeoverføringa) i dag. Til ulike tider og i ulike høve har det kome klare signal om behov for å innlemma eigedomsskatten i inntektsutjamninga i ramme-overføringssystemet. Slik utjamning har likevel vorte avvist fordi det er ynskje om å ha eigdomsskatten som ein rein frivillig lokal skatteart som ikkje skal fordelast/ujamnast i høve til storsamfunnet.

Å nytta eigedomsskattelova som grunnlag for inntektsutjamning er slik sett å gå bakvegen i høve til gjeldande og akseptert utjamningsordning i inntektssystemet.

Rådmannen sin konklusjon er difor klar:

1. Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige maksimums- og minimumsprisar som gir både ukorrekt takst og har mange uheldige biverknader.
2. Eigedomsskattelova sine maksimums- og minimumsprisar skal ikkje nyttast som del av inntektsutjamninga mellom kommune og stat.
3. Eigedomsskatteordninga skal framleis vera ein rein frivillig lokal skatteart utan føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
4. Diskonteringsrenta bør setjast i samsvar med eigedomsskatteloven sitt takseringsprinsipp og tilpassast marknaden og den løpande risikovurdering for kraftverk.